



Ålfotbreen verneområdestyre

Postadresse
Ålfotbreen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138
sfvlpost@statsforvalteren.no
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

Rådgevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 02.10.2023

Ålfotbreen landskapsvernområde - Referat etter møte i Rådgevande utval 02.10.23

Måndag 2.oktober kl 13.00 - 15.00 på Gloppen hotell

Desse møtte:

Jacob Nødseth - styreleiar verneområdestyret
Ragna Flatla Haugland - SFE
Ket Fossen - FNF Sogn og Fjordane
Leidulv Solvang - grunneigar Kinn
Dag Eliassen - Flora turlag
Ola Jan Birkeland - grunneigar Gloppen
Rune Holen - naturoppsyn
Katrine Fjellestad Aske - Midtre Nordfjord turlag
Janne Solheim - verneområdestyret
Åsmund Berthelsen - verneområdestyret
Alf Erik Røyrvik - verneområdeforvaltar (referent)

Saker:

1. Velkommen og opning

Styreleiar Nødseth opna møtet og ønskte velkommen.
Vi gjennomførte ei kort presentasjonsrunde rundt bordet.

2. Rullering av utvalet.

Verneområdeforvaltar Røyrvik gjekk gjennom prosessen med revidering og rullering av Rådgevande utval.
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane ved koordinator Ket Fossen vart presentert som nytt medlem av utvalet.



3. Orientering om saker og forvaltning

Forvaltar gjekk gjennom verksemda til styret til no i 2023 og presenterte dei viktigaste sakene som har blitt handsama.

Dag Eliassen frå Flora turlag orienterte om status på arbeidet med å bygge sikringshytte ved Gjeugnabu.

Ragna Flatla Haugland frå SFE orienterte om planane om ny bremålingshytte oppe ved sjølve Ålfotbreen.

4. Kommuneval og ny oppnemning av verneområdestyre

Forvaltar orienterte om prosessen med oppnemning av nye verneområde- og nasjonalparkstyre etter kommune- og fylkestingsvalet.

5. Orientering om eventuell nasjonalparkstatus

Forvaltar orienterte om status i prosessen kring mogeleg endring av verneform på Ålfotbreen.

Utvalet, og dei som utvalet representerer, er opptatt av kva som er den praktiske skilnaden på landskapsvernområde og nasjonalpark, og dette er noko som forvaltninga må kunne informere meir om.

Nøyaktig kva som vil verte endring i grenser, regelverk og forvaltning ved ei eventuell endring av verneform er umogeleg å seie no. Dette blir til gjennom kunnskapsinnhenting, innspel og vurderingar i prosessen med å lage eit nye forslag til grenser og forskrift.

Kommunane skal handsame denne saka to gonger. Først skal dei ta stilling til om nasjonalpark skal greiast ut. Dersom alle kommunane seier ja til utgreiing, so vil Statsforvaltaren starte den prosessen med å lage forslag til eventuell nasjonalpark. Når det forslaget ligg på bordet og har vore på høyring so skal kommunane igjen handsame saka og seie ja eller nei til det forslaget. Alle tre kommunane må seie ja om det skal verte endring.

6. Orientering om tiltak i 2023

Forvaltar orienterte om det som har blitt gjort av tiltak til no i 2023, og kva som vert jobba med utover hausten.

Sjå vedlagt presentasjon som vart synt i møtet.



7. Aktuelle tiltak i 2023

Forvaltar orienterte om bestilling av tiltaksmidlar for 2024, kva tiltak som kan få midlar og korleis ein skal gå fram for å komme med innspel om tiltak.

Frist for å komme med innspel er 2 veker før styremøtet som skal vere 8. desember, altså 24. november.

Når ein kjem med innspel til tiltak, bør ein skrive litt om kva som skal gjerast, korleis det skal gjerast, kven som skal gjere det og kva det vil koste. Jo meir gjennomarbeida plan ein har, jo større er sjansen for å få midlar til tiltaket.

8. Innspel frå utvalet

Innspel til aktuelle tiltak i 2024:

- Rydde fram att gamle stiar i Grøndalen og Svartedalen.
- Sette opp skilt med informasjon om turstiar ved ruta innover til hylle 7
- Skilte/merke passasjen mellom hylle 7 og hylle 6
- Mindre tiltak og vedlikehold på stien frå Hope til Lavesteinen. Enkelte stader her er det til tider veldig vått og gjørmete.

Det vart kommentert at informasjonsskiltet i Strømsneskrysset ikkje har ei ideell plassering og blir lite sett.

9. Eventuelt

Ingen saker

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent